

Ytre Sunnmøre lokallag av Norsk Ornitologisk Forening
og
Sunnmøre Ringmerkingsgruppe,
c/o Kjell Mork Soot,
Hareidsvegen 234,
6060 Hareid
(tlf 70092443 / 91308487)

Hareid, 07.03. 2016

NVE,
Postboks 5091 Majorstua,
0301 Oslo .

Småkraftutbygging i Stranda kommune:

Litt historikk og anna omkring fossekallen:

Fossekallen blei valt til Noregs nasjonalfugl i 1963. Vi hadde då ein sunn bestand av arten, og spesielt her på Sunnmøre verka han lite truga, for han hadde hovudutbreiinga i småelvane, som vi trudde skulle få vere i fred for all framtid. Litt elveforbyggingar kunne stundom verke negativt inn, men elles verka det greitt.

Eitt av argumenta til å velje fossekallen som nasjonalfugl, var at arten var her heile året, dvs at den var ein av våre typiske standfuglar. Visstnok vart enkelte fossekallar funne drepne ved fyrlykter på kysten nattestid, men det var ingen som la fram teoriar om at arten hadde regelmessig trekk ut av landet. Men denne kunnskapen viste seg å vere feil.

Begynnelsen på det store gjennombrøtet om trekkforholda til fossekall i Noreg kom i 1963. To svenskar, Stig Wester og Sune Andersson, fanga inn og ringmerkte sju fossekallar ved Västervik i Sørøst -Sverige vinteren 1962/1963. Ein av desse vart funnen att på Mysubyttsæter i Oppland allereie same våren. Dette var hovudgrunnen til at det blei sett i gang undersøkingar og ringmerking på ytre og midtre Sunnmøre frå 1967 av. Prosjektet auka på etter kvart, så alle elvar, store som små, blei besøkte og reira/revira blei registrerte. Alle kommunar blei saumfarne, unnateke Stranda, Stordal og Norddal kommunar. Ungar og vaksne fuglar blei fanga inn og ringmerkte. Etter kvart blei også ein del elvar i Romsdal og på Nordmøre besøkte.

Norsk Ornitologisk Forening valde i 1997 fossekallen som årets fugl. Noregs hekkepopulasjon skulle kartleggast. I tillegg til tidlegare kjende område på ytre og midtre Sunnmøre, blei nye område undersøkte. Vi kartla då kommunane i Nordfjord (Hornindal, Stryn, Eid og Selje). Vidare områda nedover til Årdal /Lærdal og inn på Opplandsida. Vi undersøkte også elvane frå Opplandskedal i Stranda kommune over til Oppland nedover mot Dombås. På Sunnmøre blei dei tre gjenverande kommunane kartlagde for første gong i 1997. Vi hadde aldri tidlegare besøkt Stranda, Norddal og Stordal kommunar i fossekallsamanheng. For å seie det mildt, fekk vi hakeslepp då vi kom til Stranda kommune. Då oppdaga vi at vi gjennom åra hadde gått glipp av beste fossekallkommunen, jamvel kanskje i landssamanheng. Dette var ein kommune som skilde seg klart ut frå alle andre kommunar vi kjende til når det galdt fossekall. Spesielt i Sunnlyven, stod Bygdaelva og Langedalselva, med sideelvar, fram som einarar når det galdt fossekall. Elvane var dei mest urørte av det vi hadde sett på heile Sunnmøre, og der var ein sunn og livskraftig bestand i ein fantastisk natur. Berre på Frøysaslettene og vidare litt nedover, og i Røyhusdalen, var det openberre inngrep i elvane (elveforebygging / kanalisering).. Vi var svært begeistra for oppdaginga

av dette unike fossekallområdet og tenkte at der hadde vi eit forskingsobjekt for all framtid. Men kor lenge var Adam i paradiset? Ikkje lenge. Få år etter begynte ein farang i Noreg som ein enno ikkje ser nokon ende på, småkraftutbygginga. Då dei første utbyggingsplanane dukka opp, foreslo vi Bygdaelva og Langedalselva, med sideelvar, som referanseområde, men det blei dessverre ikkje tatt til følgje. **Småkraftutbygginga har vist seg å vere den alvorlegaste trusselen mot fossekallen**, for storparten hekkar i desse små elvane, gjerne sideelvar av større elvar. For kvart utbyggingsprosjekt blir minst eitt par av fossekall råka. Ofte med fatale følgjer.

På Tryggestad / Fjelltun-prosjektet (Litlebø kraftverk) er heile 5 par råka. Dei fleste av desse er no gått heilt ut. Vi har i utkanten av dette området prøvt å bøte på litt av skaden med å henge opp **predatorsikre** fossekall-kasser, som underteikna har «konstruert» og som vi gjennom åra har hatt gode erfaringar med. Å setje opp opne kasser, sånn som altfor mange gjer, er ofte ikkje bryet verd, for predatorar (kråkefugl, røyskatt, mink), når ofte lett tak i reiret. Når elva blir utbygd, blir støyen frå elva mykje mindre. Dei kraftige tiggelydane til ungane høyrer seg godt. Tidlegare var dei meir verna av t.d. fossar og fossesprut og ligg meir opne enn før pga mindre vassføring. Fossekallen søkjer gjerne tilbake til same reiret så lenge dei lever viss hekkinga har vore vellukka. Dei vel gjerne ein viss reirplass på «fossekallvis». Etter mange års erfaring kan underteikna ofte sjå kvar reiret må ligge ved å sjå på utforminga av elva. Sjølv etter mange år søkjer fossekallen å bygge på allereie øydelagde plassar (der vatnet er vekke); det må vere noko i genane som seier at her skal reiret plasserast, sjølv om naturgrunnet har endra seg. Dette er tydeleg å sjå i Tafordområdet, der mange av elvane er tørrlagde. Der har vi funne fleire reir lagde på tidlegare brukte reirplassar, men som no ligg så opne til at dei er dømde til å bli predaterte. Får arten ikkje fram ungar, vil bestanden sjølvstøtt minke etter kvart som vaksnefuglane går ut utan at det har vore rekruttering..

Ein annan trussel som småkraftutbygginga fører med seg, er at myteområda kan bli meir eller mindre tørrlagde. I juli-august foretar fossekallen eit fullstendig fjørskifte (myting). I ein periode er dei heilt ute av stand til å flyge, og er då ekstra utsette for predasjon. Dei foretar mytinga i dei øvre og mest avsides delane av enkelte elvar, der det gjerne er ei «ruskemark», dvs gjøl og store steinar/steinurd gjer det lett å gøyme seg unna. Viss vatnet forsvinn i større eller mindre grad, blir då elva ubrukeleg til myteelv. Ei av desse fire elvane som dette skrivet gjeld, Haugedalselva, er ei slik typisk myteelv. Dette vil eg kome tilbake til.

Ringmerking av fossekall, utført mellom anna på Sunnmøre, viser at dei fleste fossekallane trekker ut av landet vinterstid. Oktober er den viktigaste trekkmånaden. Fuglar frå Sør-Noreg dreg då over til Sør-Sverige, Danmark, Tyskland, Polen og Dei baltiske landa.. Tilbaketrekkinga er på topp i midten av mars og eit par veker utover. På heimreise er dei då sjølvstøtt avhengige av tilgang på å finne føde i elvar, og ein kan få gode ansamlingar av fossekall i visse elvar kvart år. Ei av desse elvane var svært viktig, Tryggestadelva (Nibbedalselva), som no er kraftig forringa. Der blei det under vårtrekket fanga inn fossekallar som vinterstid var ringmerkte mellom anna i Sverige, og som var på veg til hekkplass. Det seier seg sjølv at det er vanskelegare for fossekallen å finne mat nok når dei gode fødeelvane under trekket er forringa. Det energikrevjande trekket er vanskelegare å gjennomføre når «matstasjonane» er ute av drift.

Dei fire omsøkte utbyggingsprosjekta i Stranda kommune:

Dei fire omtala utbyggingsprosjekta vil her bli diskuterte. I alle elvane er det openberr fare for at fossekallen skal få problem med hekkinga i framtida, ikkje minst fordi hekkplassen blir forringa / blir meir utsett for predasjon, og fødetilgangen blir mykje forringa pga mindre vassføring:

Haugedalselva: Ei flott elv med gjøl som er sjeldan kost å sjå intakte i dag. Eit par hekkar nokre hundre meter oppe i elva. Om elva blir tørrlagt, vil paret forsvinne. Der kan også stundom vere hekking under bilbrua nede ved hovudelva. Øvste del av elva er ei viktig myteelv for fossekallen.

Minska vasstand vil kunne få uheldige /fatale konsekvensar for mytefuglane der, som i så fall må søkje til meir usikre myteområde. Bør ikkje få konsesjon.

Karbø: Der har elva greve seg ned gjennom fjellet i tusenvis av år, og har greve ut nokre fantastiske formasjonar, som er sjeldne å sjå intakte i dag. Fossekallen har reirplass akkurat i området der det er planlagt inngrep. Det er rart at turistnæringa i Hellesylt ikkje set foten ned i dette tilfellet, for delar av elva er lett tilgjengeleg for vanlege turistar. Men folk som bor der er så vane med dette at dei ikkje forstår at dette vassdraget vil ta pusten av folk som kjem utanfrå. Det er ganske enkelt for bussar / bilar med turistar osv å parkere og sjå dei fantastiske utformingane i nokre av dei siste intakte elvegjøla vi har igjen. Også vintererle og strandsnipe hekkar der. Laksand og oter er ofte å sjå. Revirhevdande oter er viktig for å halde villminken i sjakk. Elles finst ein populasjon av taigaspissmus i området. Den arten er svært sjeldan i landssamanheng. Bør ikkje få konsesjon.

Røyarhus: Fossekallen hekkar akkurat ved fossen der det er planlagt ei demning. Blir fossen endra, er det stor fare for at fuglen forsvinn som hekkefugl. Neste par hekkar under brua på riksvegen, og kan enkelte år hekke ved elvamøtet lenger nede. Fleire par med strandsnipe hekkar i det planlagde utbyggingsområdet. Ved eventuell utbygging bør ein der sørge for at reirplassen til fossekallen ikkje blir berørt, med andre ord at vatnet blir ført over reiret for å verne det mot predasjon.

Geiranger: Ved Union hotell. Inngrepet er planlagt akkurat der fossekallen hekkar. Det er merkeleg at ein midt i eitt av dei største turistområda i Noreg vil gjere slike inngrep. Der må grundig planlegging til for å verne reirplassen mot øydelegging. Ein må gjere det same som i Røyarhus, dvs leie vatn over reirplassen, for å verne reiret mot predasjon.

Kommentarar til tidlegare utbyggingar i dette området (konsekvensar):

Tryggestad-Fjelltun (Litlebø kraftverk): Fem par er meir eller mindre utradert. Eit par prøver enkelte år å hekke ved Fjelltun, men faren for predasjon er stor. Underteikna har plassert ut to predatorsikre kasser på Tryggestad, og vil prøve å setje ut også ved kraftverket, og håper på tilslag der. Dette for å prøve og bøte litt på skaden som allereie er gjort.

Ringdal: Begge para er forsvunne pga for lite vatn i elva. Også vintererla er vekke.

Stadheim: To par er forsvunne. Det har vore forsøk på hekking av det øvste paret, men det har vore mislukka. Den nedste reirplassen er sprengd fullstendig vekk.

Juvfossen i Strandadalen: Største gjenverande fossen på Sunnmøre er borte. Med den også fossekalparet som hekka der. Det verste der var at der var ein stor «slette» av mosar og lav i sprutsona, den største vi har sett nokon stad. Sletta blei heile tida dynka av fossedriv. Dette blei ikkje undersøkt før utbygginga. Ei stor sprutsone med masse mosar og algar, bygt opp gjennom tusenvis av år, består no berre av tørre etasjemosar. Vintererleparet held framleis stand.

Rødsetfossen i Strandadalen: Ein fantastisk biotop som no er heilt øydelagd. Det blir sagt at småkraftutbygging er skånsamt. Det er ein påstand som ikkje held vatn. Rødsetfossen er eit eksempel på korleis det ikkje skal gjerast. I Rødsetfossen var der ei kjempestor jettegryte ved fossen som blei sprengd vekk. I tillegg blei bergveggen der reiret var, også jamna med jorda. Heile området ser bomba ut, er heilt forandra. Fossekallen er borte som hekkefugl i dette reviret.

Predatorsikre kasser:

For å prøve bøte på skader som blir gjorde på fossekallen ved utbygging, bør **predatorsikre**

trekasser hengast opp i kvart revir viss reirplassen er forringa /øydelaagd. Det bør helst vere to kasser, for av og til kan parasittar (fuglelopper) hindre hekking året etter . Det er dessutan ikkje berre å henge opp ei kasse i blinde. Plasseringa av kassa er viktig. Av og til kan **predatorsikre betongkasser** vere beste løysinga. Då blir kassa støypt på staden (betong med kyllingnetting som armering), støypt fast på ein bergnabb eller bergvegg, avhengig av korleis det ser ut på staden. Sjølv om ein heng opp kasser, er det ikkje sikkert at ein får fossekallen til å hekke på nytt der.

For å prøve bøte litt på skadene, bør det vere obligatorisk å setje opp **predatorsikre kasser** der hekkestaden er berørt, viss ikkje sjølve reirplassen kan bergast. Dette er stort sett oversett av NVE tidlegare, og kontroll over at dette blir gjort bør innbakast i kvart enkelt prosjekt. Der bør kompetente folk inn i bildet. Det er ikkje berre å slenge ut nokre kasser i hytt og ver.

Etterord:

Den uvanleg store bestanden av fossekall som var i delar av Stranda kommune, fortel oss vel noko anna også: Der må vere rikt biologisk mangfald i desse elvane. Det er neppe undersøkt kva som finst der av insekt- og smådyrlarvar, og kunnskapen om korleis ei utbygging verkar inn på desse artsgruppene, er vel heller liten. Og det same gjeld vel for auren. Kva med gyteplassar og mattilgang etter ei utbyggjing ?

Det er utruleg kva som blir gjort for å få tak i nokre kilowatt med straum. Dei som taper på dette, er våre etterkomarar som kanskje aldri vil få oppleve skikkeleg urørt, norsk elvenatur. Vi som har sett dette, forstår at livskvaliteten til våre etterkomarar blir svekka.

Vi har sett turistar sitje i timesvis ved ein foss. Vi som bor her forstår ikkje kor verdifulle urørte elvar er for mange.

Noko meir utbygging bør ikkje forekome før følgjene av tidlegare småkraftutbyggingar er skikkeleg belyste. Der meiner vi at NVE har eit stort ansvar som dei hittil ikkje har teke alvorleg.

Kraftlinja / trafostasjonar:

Av to onder bør ein velje det minste, med tanke på miljøet. Det biologiske mangfaldet vil bli minst skadelidande viss trafostasjonen blir lagt på Litlebø, for der er mykje av området allereie påverka frå før. Å legge ei kraftlinje tvers gjennom skogen ved Karbø, midt i hønsehaukreviret der, ser vi på som svært uheldig. Det kan i verste fall føre til at hønsehaukreviret der går ut, pga at fuglane kan kollidere med linja. Linjetraseen går gjennom jaktområdet til desse fuglane. Hønsehauken er ein art som verkeleg slit no, så kvar einaste fugl er verdifull.

Noko vi vil nemne sidan det tydelegvis ikkje er registrert: 2-3 par med småspove hekka på Gråsteinsmyra frå då vi først oppdaga dei i 1997.. Dei sat ofte på stolpane til kraftlinja. Dei forsvann gradvis etter årtusenskiftet, uvisst av kva grunn. Dette var einaste lokaliteten med småspove på Sunnmøre.

På vegne av

Ytre Sunnmøre lokallag av Norsk Ornitologisk Foerning

og

Sunnmøre Ringmerkingsgruppe,

Kjell Mork Soot